

Åse Fantemor

Åse Fantemor sat sessa oppved klokkarens it bord,
og drakk kaffi medan klokkarkona skjenkte.
Uppi trynet var ho svart som Guds Hellage jord,
og som koparkjelar kjakane blenkte.
Og den tannlause munnen som ei kaffikvern gjekk,
han var diger med eit skurvete sår på,
og på nasa, der ein dinglande nasedrope hekk,
sat ei vorte med eit kvitkrulla hår på.

Og Åse Fantemor la i seg som ho likaste vann,
og mol oppatt den-der utgamle leksa,
um dei borna ho laust dragast med, han Carl Johan,
og ho Sara, den forbannade kreksa.
Dei som aldri tok formaning eller kristeleg tukt,
um ho treskte dei med staur og stenger,
og som stelte seg so vanskapt, at no rapa det vel lukt,
inn i heitaste med baa to, ja lenger.

Det var mest som det var utgjort med han Carl Johan,
for i lag met eit par utkropne fantar,
slo han helselaus ein fredeleg og farande mann,
og tok frå honom ei vøle med kontantar.
Men fekk mor han noko studnad då han tura og var rik ?
Neigu såg eg ikkje så pass som ei krone !
Men no sat han som ein slave inne på fengslet i Vik
og drakk vatn og togg stomp for å sone.

Og ho Sara var ei krekse for Vårherre, som sagt,
og alt arbeid liksom pesten ho hata.
Difor siglde ho til Bergen på ei bomsiglarjagt,
og slo pengar der um nætene på gata.
Ho stod i det som ei herrefru med dundrande kalas,
so når dagen rann låg allting i ei røre.
Men dei pengane ho tente gjekk til brennevin og stas,
so ho som mora var såg aldri eit øre.

Åse Fantemor

Og Åse Fantemor for borna sine gret ein liten skvett,
slik at tårone dei trilla etter nosa.
Sidan strauk ho seg på magen sin og sa at ho var mett,
og so rapa ho og snytte seg i dosa.
Og då dette var gjort undan tok ho pipa si fram,
og fekk karve seg ei skrå på bakstebotten.
Men ho mulla då ho kveikte at ein drusteleg dram,
hadde jaggu vore helsesam for skrotten.